

Jazzverket & Songlaget



**Vegard
Døsland**

**Atle Fredheim
og «Småjazzarane»**

Konserten i Kvinnherad kyrkje laurdag vert garantert ei flott oppleving.

For nokre år sidan hadde Jazzverket ein adventskonsert i Kvinnherad kyrkje som er eit av dei absolutt flottaste konsertminne underteikna har med lokale aktørar. Laurdag kl.19 er det ny konsert same stad, og då har dei fått Rosendal songlag med på laget. I tillegg har dei med seg spennande gjester, og to av dei starta si musikalske karriere som korpsmusikarar her i Uskedalen.

I samband med konserten har vi motteke følgjande presseomtale:

Det manglar ikkje på haust -, jule - og vinterkonsertar i Kvinnherad i tida som kjem! Då Rosendal Songlag inviterte Jazzverket til felles konsert, kom eit spennande prosjekt i stand. Vi ville lage noko som skulle bli ein best mogleg samansmelting av våre to musikkulturar – ja rett og slett spela mest mogleg i lag.

Songlaget og jazzverket har god røynsle med ulike samarbeidsprosjekt frå før, men denne gongen ville vi og gjere noko nytt. Sjølv sagt måtte vi krydre det heile med trompetist Vegard Døsland som har vore med Jazzverket mange gongar tidlegare.

I tillegg ville Jazzverket oppfylle ein gammal draum om å lage ein konsert med eit barnekor! Ein liten telefon til trubadur og songar Atle Fredheim - og vips så var «Atle og Småjazzarane» ein realitet! 7 entusiastiske gullstrupar skal gjere to songar med Jazzverket. Og når Atle dukkar opp, blir det sjølv sagt solistinnslag med han og.

Vi trur derfor vi kan love ein variert og spennande konsert med mange godbitar der vi både skal lande nokre låtar frå det trygge repertoaret og kaste oss ut på litt djupare vatn. Kven har for eksempel høyrte den krevjande jazzrock-klassikaren Spain av Chic Corea framført med blandakor?

Medverkande:

Rosendal Songlag m/ Dirigent Eva Megyesy
Vegard Døsland – trumpet

Atle Fredheim – song
«Atle og Småjazzarane»:
Maren Skåle Seglem
Ronja Hatteberg Huke
Frøya Sverresdotter Hatteberg
Ariel Reed
Ingebjørg Mehl
Olga B.E.Mehl
Lina Sofie Dommersnes

Jazzverket :

Ananda Gopi Storegjerde – song
Ivar Baste – Piano
Torkjell Nerhus – trommer
Stein Haugen – kontrabass

Nett: Thor Inge Døssland